




HANDLINGSPLAN

For eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø



Saman gir vi barndommen verdi;
vennskap, leik og glede - og
kvardagsmagi

Vår visjon



Bakgrunn for planen

Denne planen er utarbeida på bakgrunn av nytt regelverk i barnehagelova, Planen skal sikre at alle barn får ein trygg og god barnehagekvardag.

Frå og med januar 2021 har den nye bestemminga om eit trygt psykososialt barnehagemiljø komme inn i Lov om barnehagar, med særleg skjerping av aktivitetsplikt. Forsking viser samanheng mellom utvikling av eit breitt spekter av helseproblem hos dei som er, eller har vore utsatt for mobbing. Døme på dette kan vera angst, depresjon, og psykosomatiske plager (Breivik m.fl 2017)

Forsking viser også ein samanheng mellom fråfall i vidaregåande opplæring og mobbing i barnehagen (Lund 2013)


Lova viser til ein plikt til iverksetting av aktivitetar som ein førebyggjande handlig ved uro/bekymring. Det er dette vi kallar aktivitetsplikt.

Krenkelsar og mobbing kan skje allereie i barnehagen. Dess tidlegare vi kan oppdage det, dess meir sannsynleg er det for å lykkes i å førebygge mobbing og utanforskap. Ved å gje barn ein god start, gode haldningar og kunnskap om korleis vi samhandlar og snakkar med kvarandre vil vi gjere barn i stand til å ivareta både seg sjølv og andre. Dei vil kunne oppleve å vera ein del av eit fellesskap, samt lære viktigheten av å inkludere andre i dette.

Det å lære eit barn å vera ein god leikekamerat og venn for andre, kan i seg sjølv vera ein førebyggjande faktor

Mål med denne handlingsplanen er at barn i vår barnehage skal oppleve et trygt og godt psykososialt miljø prega av tryggleik og inkludering. Barn skal få oppleve at dei er viktig og at dei er ein del av et fellesskap. Barn i vår barnehage skal ikkje utsette andre for mobbing og skal heller ikkje sjølv bli utsett for mobbing, verken av barn eller tilsette.

For at dette målet skal bli ein realitet er DU en viktig ressursperson. Dine haldningar og din kunnskap er avgjerande for dine handlingar samen med barn og vaksne. Dess meir vi veit, dett betre er vi i stand til å førebygge negativ utvikling, samt møte utfordringar som oppstår. Takk for at du drar din del av lasset og er en viktig bidragsyter i å lære barna å være seg sjølv samen med andre.



Barnehageloven: Psykososialt barnehagemiljø:

§ 41 Null toleranse og forebyggende arbeid.

«Barnehagen skal ikke godta krenkelser som for eksempel utestenging, mobbing, vold, diskriminering, og trakassering. Alle som arbeider i barnehagen skal gripe inn når et barn i barnehagen utsettes for slike krenkelser. Barnehagen skal forebygge tilfeller hvor barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø ved å arbeide kontinuerlig for å fremme helsen, trivselen, leken og læringen til barna.»

§ 42 Plikt til å sikre at barnehagebarna har et trygt og godt psykososialt barnehagemiljø (aktivitetsplikt)

«Alle som arbeider i barnehagen, skal følge med på hvordan barna i barnehagen har det. Alle som arbeider i barnehagen, skal melde fra til barnehagens styrer dersom de får mistanke om eller kjennskap til at et barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø. Styreren skal melde fra til barnehageeier i alvorlige tilfeller. Ved mistanke om eller kjennskap til at et barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø, skal barnehagen snarest undersøke saken»

«Når et barn eller foreldrene sier at barnet ikke har et trygt og godt barnehagemiljø, skal barnehagen undersøke saken og så langt det finnes egnede tiltak, sørge for at barnet får et trygt og godt barnehagemiljø»

§ 43 Skjerpet aktivitetsplikt dersom en som arbeider i barnehagen krenker et barn

«Dersom en som arbeider i barnehagen får mistanke om eller kjennskap til at en annen som arbeider i barnehagen, krenker et barn med f.eks utestenging, mobbing, vold, diskriminering eller trakassering, skal vedkommende straks melde fra til barnehagens styrer. Styrer skal melde fra til barnehageeier»



KVA ER MOBBING I BARNEHAGEN?

Mobbing er eit omgrep som vert nytta ulikt i ulike samanhengar. Me har valt å forholda oss til følgjande definisjon:

«Mobbing av barn i barnehagen er handlingar frå vaksne, og/eller andre barn som krenker barnet si oppleving av å høyra til og vera ein viktig person for fellesskapet»
(Lund,2015)

Med krenking meiner me ord eller handlingar utført av barn eller vaksne, som vert opplevd som negative eller sårande av andre. Krenkande åtferd er uavhengig av intensjonen bak.

Det kan være handlingar både frå vaksne og frå andre barn som gjer at barnet ikkje føler at det høyrer til eller føler seg utanfor fellesskapet. Det kan vera at barnet ikkje får delta i leiken og samtala, eller aldri får sitja ved sidan av nokon eller halde nokon i handa på tur. Det kan vere erting, at barnet blir ledd av eller kalla dumme ting. Når barn vert mobba går dei glipp av eit godt fellesskap, leik og læring.

Det er naturlegvis ikkje slik at alle former for erting og slåing i barnehagen er mobbing. Barn kranclar, dei utviklar seg, og situasjonar i leik og sosial omgang kan bli vanskeleg. Dette er ikkje nødvendigvis mobbing.

Mobbing, erting eller konflikt ?

Vanlig konflikt	Mobbing
Likeverdige venner	Ubalanse i styrkeforhold/ikkje venner
Skjer av og til	Gjentatte handlingar
Tilfeldig	Planlagt
Prøver ikke å oppnå noe	Forsøker å få makt eller materielle ting
Dårlig samvittighet	Ingen anger

(Storey og Slaby 2013)



Aktivitetsplikt: Et godt barnehagemiljø for alle

- Alle tilsette har eit ansvar for å følgje med på korleis alle barna har det i barnehagen.
- Alle tilsette har en plikt til å gripe inn, dersom eit barn ikkje har det bra
- Barnehagen må undersøke og sette inn tiltak viss eit barn ikkje har det bra
- Alle som jobbar i barnehagen skal melde frå til styrer viss dei får mistanke om et barn som ikkje har det trygt og godt.
- Barnehagen må lage ein skriftleg plan, med tiltak for å betre kvardagen til barnet

Alle som jobbar i barnehagen må følgje med på at barna har det bra. Dersom en voksen veit om eller trur at eit barn blir mobba, plaga eller på andre måtar ikkje har det bra, har dei følgjene aktivitetsplikt:

1. Følgje med, og gripe inn og stoppe krenkinga med ein gong
2. Sei ifrå til styrer i barnehagen
3. Undersøke kva som har skjedd
4. Sette inn tiltak og lage ein plan for å sørge for at barnet får eit trygt og godt barnehagemiljø.



Aktivitetsplikta:

1. Følgje med og gripe inn:

Alle tilsette har ein plikt til å følgje med på korleis alle barna i barnehagen har det. Dei tilsette skal gripe inn med ein gong viss eit barn vert utsatt for krenking. Dette kan vera til dømes utestenging i leik, plaging, mobbing, vold, slåsskamp eller diskriminering.

Barnehagen skal ha nulltoleranse mot mobbing. Alle som jobbar i barnehagen skal gripe inn med ein gang dei ser uønskt åtferd.

2. Sei i frå til styrer i barnehagen

Barnehagen må ha gode rutinar for å følgje med og være til stades for barna. Viss du oppdagar at eit barn ikkje har det bra må du melde frå til styrer i barnehagen. I alvorlege tilfelle må styrer melde frå til barnehageigar. Døme på dette kan være saker som er særlig valdelege, dersom fleire barn er involvert i mobbing eller utestenging av eit barn, eller at krenkinga har skjedd over lang tid, utan at barnehagen har klart å løyse saken.

3. Undersøkje kva som har skjedd

Barnehagen skal undersøke barnet sine opplevingar. Barnehagen trenger ikkje bevise at eit barn har blitt mobba, eller ikkje har det bra. Barnehagen skal finne ut kva som er årsaka til at eit barn ikkje har det så bra. Dette er utgangspunktet for å sette inn riktige tiltak for at barnet skal få eit trygt og godt barnehagemiljø.

4. Setje inn tiltak og lage ein plan

Døme på tiltak; observasjon av enkelt barn, observasjon av dynamikken i ei gruppe, snakke med barna det gjeld – kvar for seg, samtale med foreldre, vurdere bistand frå andre, (PPT), kartlegge relasjonar.

Barnehagen må lage ein skriftleg plan som viser kva tiltak og tidperiode dei skal gjennomførast.



Tiltaksplan.

Dersom barnehagen får vite at eit barn ikkje har det bra må dei lage ein skriftleg plan. I planen skal det stå:

- Kva problem som skal løysast
- Kva barnehagen har planlagt
- Kva tid tiltaka skal gjennomførast
- Kven som skal gjennomføre tiltaka
- Kva tid tiltaka skal evaluerast

Korleis oppdage at eit barn ikkje har det bra?

- Gjennom å snakke med barna
- Tilsette som ser eller fangar opp noko i samtaler med andre barn
- Foreldre som melder frå at det har, eller kan ha skjedd noko i barnehagen.
- Barn som fortel om noko som har skjedd
- Endringar i åtferd hos barn eller barnegruppa

Ein må vera merksam på at barn reagerer forskjellig. Nokon barn blir stille og trekker seg tilbake i leken, mens andre gjev tydeleg beskjed når ting blir vanskeleg.

Dei vaksne i barnehagen har ansvar for at alle barn blir inkludert i fellesskapet.

Alle barn skal omtalast positivt, og dei tilsette i samspel med foreldre må sikre denne prosessen.

Barn er avhengig av å ha vaksne som er tilstade og observante. Det er derfor viktig å organisere barnehagedagen slik at det alltid er aktivt deltakande vaksne tilstade saman med barna. Dette kan stoppe mobbing i barnegruppa.



Vaksne som krenker

Vaksne kan og bidra til å krenke barn gjennom veremåte, ord og handlingar. Barn kan oppleve forskjellsbehandling og krenking i måten den vaksne møter dei på, snakkar med dei og inkluderer dei i aktivitetar. Barn skjønner raskt når nokon vert føretrakt framfor andre.

Bruk av ord, kallenamn, eller å kalle barn dumme ting er eksempel på verbal krenkelse. Bruk av ironi eller latterliggjerings skadar barna sitt sjølvbilete og kan gjera barnehagedagen utrygg og utriveleg for den enkelte. Det kan og vere svært øydeleggjande for miljøet i barnegruppa.

Gode rollemodellar snakkar ikkje nedsettande til eller om andre, verken barn, foreldre eller kollegaer.

Dersom vaksne i barnehagen krenkar barn, skal aktivitetsplikta gjelde. DL melder frå til eigar.

Er ein føresett usikker på om barnet vert utsatt for mobbing i barnehagen, gjev www.nullmobbing.no følgjande eksempel å reflekter rundt:

- Viser barnet glede over å vera i barnehagen?
- Kva fortel barnet heime om barnehagen?
- Verkar det som om barnet ditt har venner i barnehagen?
- Verkar det som om barnet ditt kjenner seg trygg i barnehagen?
- Fortel barnet om leik og kjekke opplevingar?



Aktivitetsplikt – Tiltaksplan

Dato:

Kven har meldt inn bekymringa?

Beskrivelse av situasjonen:

Kva utfordring skal løysast:

Tiltak som skal verksetjast

Kven gjennomfører tiltaka?

Dato gjennomføring:

Dato for evaluering

